

Møtebok: Høgskulestyret (31.08.2017)

Høgskulestyret

Dato: 31.08.2017

Sted: Styrerommet (A825)
HVL campus Kronstad,
Inndalsveien 28,
Bergen

Innhold

Vedtakssaker/Drøftingssaker		Side
59/17	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 08/7	3
60/17	Orientering til styret om OU-programmet	27
61/17	Plan for strategiprosessen 2017-2018	33
62/17	Revidert utkast til utviklingsavtale 2018-2020 mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kunnskapsdepartementet (KD)	55
63/17	Ferdigstilling av rapportar om Arbeidsplassbasert masterutdanning for lærarar og Lektorutdanning 8-13	67
64/17	Oppnemning av studentrepresentantar til klagenemnda ved HVL 2017/2018	75
65/17	Oppnemning av studentrepresentant - Skikkavurderingsnemnda ved HVL 2017/2018	83
Orienteringssaker		
O-08/17	Orienteringar til styremøte 08/17	91
	O-08/17-1	93
	O-08/17-3	97
	O-08/17-6	109
	O-08/17-7	111
	O-08/17-8	115



Arkivsak-dok. 17/00097-37 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 31.08.2017

59/17

**INNKALLING, SAKSLISTE OG GODKJENNING AV PROTOKOLL
STYREMØTE 08/17**

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 08/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 07/17

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte.

Styremøtet finn stad torsdag 31. august, og er lagt til kl. 10.30-15.30.

Styremøtet finn stad i **Styrerommet** (A825) på **HVL campus Kronstad**,
Inndalsveien 28, Bergen

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet
v/Linda McGuffie på telefon 55 58 75 39 eller e-post: lmhm@hvl.no.

Med helsing

Arvid Hallén
Styreleiar

Berit Rokne
rektor

Vedlegg:

Saksliste til styremøte 08/17
Protokoll frå styremøte 07/17

Saksliste til styremøte 08/17

Vedtakssaker/Drøftingssaker	
59/17	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 08/7
60/17	Orientering til styret om OU-programmet
61/17	Plan for strategiprosessen 2017-2018
62/17	Revidert utkast til utviklingsavtale 2018-2020 mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kunnskapsdepartementet (KD)
63/17	Ferdigstilling av rapportar om Arbeidsplassbasert masterutdanning for lærarar og Lektorutdanning 8-13
64/17	Oppnemning av studentrepresentantar til klagenemnda ved HVL 2017/2018
65/17	Oppnemning av studentrepresentant - Skikkavurderingsnemnda ved HVL 2017/2018
Orienteringssaker	
O-08/17	Orienteringar til styremøte 08/17
O-08/17-1	Årshjul pr. august 2017
O-08/17-2	Referat frå IDF-møte
O-08/17-3	Studentopptak 2017
O-08/17-4	Orientering om arbeid med informasjonssikkerhet - møte med Uninett, oppfølging av etatsstyringsmøte og tildelingsbrev
O-08/17-5	Styret møter de hovudtillitsvalde
O-08/17-6	Engelske fakultetsnamn
O-08/17-7	Glu-prosjektet
O-08/17-8	Budsjettfordelingsmodell – intern høring
O-08/17-9	Instituttstruktur – orientering om prosessen
Eventuelt	



MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 15.06.2017 kl. 10:00 – 15:30
Sted: Førde
Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Gunnar Birkeland, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Ingrid Moe Albrigtsen, Cecilie Engen Fredheim

**Møtende
varamedlemmer:** Marianne Espelid

Forfall: Sondre Johan H Riisøen

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART		
Vedtakssaker		
45/17	17/00097-28	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 07/17
46/17	17/03512-5	Revisjonsberetning for rekneskapa for HSH, HiSF og HiB 2016
47/17	17/01185-2	Godkjenning av åpningsbalanse for Høgskulen på Vestlandet
48/17	17/05129-2	Eksternrekneskap per 1. tertial 2017
49/17	17/05858-1	Intern økonomistatus per 1. tertial 2017
50/17	17/04914-3	Hovudprinsipp for budsjettfordeling i HVL
51/17	17/05864-1	Arealsituasjon I Bergen - Kronstad 2
52/17	17/05942-1	Vedtak om fakultetsnamn
53/17	17/04871-3	Ny fagskolelov – konsekvenser for fagskoleutdanninga i yrkesdykking ved Høgskulen på Vestlandet
54/17	17/06016-1	Endring i forskrift om studium og eksamen ved HVL - forkurs i matematikk lærerutdanningen
55/17	17/00146-10	Godkjenning av valg av studentrepresentanter til Høgskulestyret 01.08.2017-31.07.2018
56/17	17/01971-5	Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet
57/17	17/06004-1	Tilstandsrapporten for høyere utdanning 2017 - hovedtall og tendenser for HVL
58/17	17/03599-3	Studiebarometeret 2016 - orientering til styret om resultat for utvalde utdanninger
39/17	17/04520-7	Tilsetting i stilling som organisasjonsdirektør - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd
40/17	17/04521-5	Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning - Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd
Orienteringssaker		
7/17	17/00146-11	O-07/17 Orienteringar til styremøte 07/17
Eventuelt		

Førde, 15.06.2017

Arvid Hallén

045/17 Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 07/17

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	45/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 07/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 06/17

Møtebehandling

Styreleiar ønska velkommen til møtet og gjorde greie for innkalling, saksliste og protokoll. Det vart meldt tre saker til eventuelt.

Referat frå IDF-møtet vart delt ut i møtet og Rasmus Stokke ga ein kort gjennomgang av innhaldet. Styret tok lesepause.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 07/17
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 06/17

046/17 Revisjonsberetning for rekneskapa for HSH, HiSF og HiB 2016

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	46/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Riksrevisjonen sin revisjonsberetning for rekneskapa til Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane for 2016 blir tatt til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia, rektor ga ei kort orientering om innhaldet i saka.

Styret ved HVL godkjente rekneskapa til HiB, HSH og HiSF for 2016 i styresak 20/17 og i denne saka vart styret orientert om at Høgskulen nå har motteke revisjonsberetningar frå Riksrevisjonen utan merknadar.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Riksrevisjonen sin revisjonsberetning for rekneskapa til Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane for 2016 blir tatt til orientering.

047/17 Godkjenning av åpningsbalanse for Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	47/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner Høgskulen på Vestlandet sin åpningsbalanse pr. 01.01.2017

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Karianne B. Bergheim, økonomidirektør i nærregion Sogn og Fjordane, presenterte innhaldet i saka.

Styret ga sin tilslutning til at åpningsbalansen gir eit dekkande bilde av Høgskulen på Vestlandet sin økonomiske stilling og signerte på signaturarket som skal returnerast til departementet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner Høgskulen på Vestlandet sin åpningsbalanse pr. 01.01.2017

048/17 Eksternrekneskap per 1. tertial 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	48/17

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner delårsrekneskap per 1. tertial 2017.

Møtebehandling

Styreleiar innleia.

Karianne B. Bergheim, økonomidirektør i nærregion Sogn og Fjordane, presenterte saka og forklara at innhaldet er tett knytt til sak 49/17 – Intern økonomistatus per 1. tertial 2017. Ho opplyste om at rekneskapa er i tråd med budsjett og ført ihht. departementets statlege regnskapsstandard.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner delårsrekneskap per 1. tertial 2017.

049/17 Intern økonomistatus per 1. tertial 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	49/17

Forslag til vedtak:

1. Styret tar orienteringen om intern økonomistatus per 1. tertial 2017 til etterretning.

Møtebehandling

Styreleiar innleia.

Karianne B. Bergheim, økonomidirektør i nærregion Sogn og Fjordane, presenterte saka og forklara at innhaldet er tett knytt til sak 48/17 – Eksternrekneskap per 1. tertial 2017.

Styret diskuterte saka og konstanterte at Høgskulen har ein god økonomisituasjon. Den underliggende driftssituasjonen og økonomiske styringa er god, men det er utfordringar knytt til mellom anna auka driftsutgifter som det er naudsynt å ha god kontroll på. Det er viktig, trass i relativt god økonomi no, at ein er nøktern og forsøker å legge opp til ein økonomi som kan imøtekomme effektivitetskrava som vi veit kjem i framtida.

Når det gjeld auka kostnader knytt til reising så oppmoda styret om at ein finn smarte møteformer som er effektive både med omsyn til tidsbruk og kostnader. Samstundes understreka styret at det no i sambyggingsfasen er svært viktig at ein ser reiseverksemda som ei investering, og at ein oftare nyttar personlege møter no enn det som vil vere naturleg i framtida.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar orienteringa om intern økonomistatus per 1. tertial 2017 til etterretning.

050/17 Hovudprinsipp for budsjettfordeling i HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	50/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner hovudprinsipp for budsjettfordeling slik dei er lagt fram i saka, med dei endringar og tillegg som kom fram i styrehandsaminga.
2. Styret ber rektor utarbeide forslag til budsjettfordelingsmodell for HVL som er tufta på dei hovudprinsippa som no ligg til grunn. Dette forslaget blir presentert for styret 28. september etter å ha vore på høyring i organisasjonen.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Rasmus Stokke presenterte saka.

Styret diskuterte saka og kom med innspel til det vidare arbeidet med utarbeidinga av budsjettmodell for HVL:

- Styret er positive til at ein tek utgangspunkt i KD sine fordelingsprinsipp, men HVL sin modell må ivareta forskjellane mellom ulike utdanningar og kostnader som ikkje er tatt godt nok omsyn til i KD-sine kategoriar.
- Forholdet mellom rammetildeling og realbudsjettering og kor langt ned i organisasjonen KD sine fordelingsprinsipp skal gjelde må vurderast nøye på bakgrunn av både simuleringar/konsekvensutredningar og strategiske omsyn.
- Modellen må gi fakulteta nok økonomisk handlingsrom og rom for eit fleirårig perspektiv.
- I valet av modell må ein ta høgde for at forholdet mellom rammetildeling og realbudsjettering vil kunne få andre konsekvensar for fellesadministrasjonen enn for fakulteta.
- Viktig med ein strategisk pott på institusjonsnivå som gir styret strategisk handlingsrom og som kan fungere som ein buffer dersom modellen visar seg å slå ut på måtar som ikkje er føremålstenlege.
- Modellen må legge til rette for samarbeid på tvers av fakultet og institutt.
- Styret framheva behovet for kompetanseheving i organisasjonen og at det må leggjast til rette for dette i budsjettmodellen.
- Modellen må ta høgde for at det er variasjonar i ressursbruk og kostnader mellom dei ulike utdanningane. Det same gjeld variasjonar i eksternfinansiert aktivitet, både over tid og mellom einingar.
- Kontinuitet frå tidlegare budsjettmodellar må ivaretakast. Det må vere rom både for ei gradvis innfasing slik at ikkje endringane frå år til år blir for store og det må vere vilje til å korrigere viss ein får effektar som ikkje er føremålstenlege.
- Modellen må vere enkel og føreseieleg, men ikkje rigid.

Tom Skauge kom med framlegg til tillegg til vedtaket, men etter at saka vart drøfta i styret vart framlegget trekt med grunngjeving i at vedtaket gjeld hovudprinsippa for utarbeiding av forslag til budsjettmodell og ikkje detaljane i sjølve budsjettmodellen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner hovudprinsipp for budsjettfordeling slik dei er lagt fram i saka, med dei kommentarar som kom fram i styrehandsaminga.
2. Styret ber rektor utarbeide forslag til budsjettfordelingsmodell for HVL som er tufta på dei hovudprinsippa som no ligg til grunn. Dette forslaget blir presentert for styret på styremøte i september etter å ha vore på høyring i organisasjonen.

051/17 Areal situasjon I Bergen - Kronstad 2

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	51/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar at Kronstad 2 bygges ut som kurantbygg, og at husleieavtale med Statsbygg undertegnes.
2. Høgskulestyret holdes løpende orientert om utviklingen i prosjektet.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia. Knut Erik Kismul presenterte saka.

Styret peika på viktigheten av at ein held seg innanfor dei økonomiske rammene og har ein nøktern standard på bygget. Styret oppmoda til å ta med seg erfaringar frå bygginga av Kronstad 1 i prosessen, samt at ein legg til rette for digitalisering.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtar at Kronstad 2 bygges ut som kurantbygg, og at husleieavtale med Statsbygg undertegnes.
2. Høgskulestyret holdes løpende orientert om utviklingen i prosjektet.

052/17 Vedtak om fakultetsnamn

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	52/17

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtar følgjande fakultetsnamn som dekanane har fremja på vegne av fagmiljøa:

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Fakultet for helse- og sosialfag

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

2. Rektor får fullmakt til å kvalitetssikra den engelske versjonen av namna og vurdera kva forkorting som høver best.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka. Namneforslaga som er lagt fram for styret er resultat av drøftingar med fagmiljøa der ulike omsyn må vegast mot kvarandre.

Styret har forståing for at namnsetjing er ei vanskeleg oppgåve, og gav fleire kommentarar til dei føreslegne namna og med alternative framlegg. Styret vil likevel ikkje vedta endringar i møtet, men gi rektor fullmakt til å drøfte namna på nytt og evt. gjere endringar som fangar opp innspel frå styret.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret sluttar seg til framlegg til fakultetsnamn:

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Fakultet for helse- og sosialfag

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

2. Rektor gis fullmakt til å gjere mindre justeringar i namna om ei ny drøfting ut frå styret sine innspel gir grunnlag for dette.

3. Rektor får fullmakt til å kvalitetssikra den engelske versjonen av namna og vurdera kva forkorting som høver best.

053/17 Ny fagskolelov – konsekvenser for fagskoleutdanninga i yrkesdykking ved høgskulen på vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	53/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner vedlagt forskrift for fagskoleutdanning i yrkesdykking ved Høgskulen på Vestlandet.
2. Styret gir rektor fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med Hordaland Fylkeskommune om felles klagenemd for fagskoleutdanning i yrkesdykking og Fagskolane i Hordaland.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner vedlagt forskrift for fagskoleutdanning i yrkesdykking ved Høgskulen på Vestlandet.
2. Styret gir rektor fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med Hordaland Fylkeskommune om felles klagenemd for fagskoleutdanning i yrkesdykking og Fagskolane i Hordaland.

054/17 Endring i forskrift om studium og eksamen ved HVL - forkurs i matematikk lærerutdanningen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	54/17

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner endring i «Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet», tillegg for nytt ledd § 11-3 (5):

(5) Klagefristen for klage på formelle feil og ikkje bestått forprøve i matematikk som grunnlag for opptak til grunnskulelærer- og lektorutdanning, er ei veke frå resultatet er kunngjort.

Resterende innhold i § 11-3 blir opprettholdt i sin helhet. Endringen trer i kraft straks og skal kunngjøres i Norsk Lovtidend jf. forvaltningsloven § 38. Endringen gjøres ihht. brev fra Kunnskapsdepartementet av 20.04.17.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner endring i «Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet», tillegg for nytt ledd § 11-3 (5):

(5) Klagefristen for klage på formelle feil og ikkje bestått forprøve i matematikk som grunnlag for opptak til grunnskulelærer- og lektorutdanning, er ei veke frå resultatet er kunngjort.

Resterende innhold i § 11-3 blir opprettholdt i sin helhet. Endringen trer i kraft straks og skal kunngjøres i Norsk Lovtidend jf. forvaltningsloven § 38. Endringen gjøres ihht. brev fra Kunnskapsdepartementet av 20.04.17.

055/17 Godkjenning av valg av studentrepresentanter til Høgskulestyret 01.08.2017-31.07.2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	55/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner følgjande studentrepresentantar til Styret for Høgskulen på Vestlandet, for perioden 1.8.2017 til og med 31.7.2018:

Stord/Haugesund: Cecilie Fredheim
 Sogn og Fjordane: Marie Eikemo Larsen
 Bergen: Sondre Johan Haugsdal Riisøen

Vara:
 Sogn og Fjordane, 1. Vara: Marita Helland
 Bergen, 1.Vara: Bjørn Olav Østeby
 Bergen, 2.Vara: Eigil Hole Lønning

Møtebehandling

Rektor presenterte saka.

Styret bad om å få ei orientering om når prosessen med å opprette valstyre og valreglement for HVL er planlagt igangsett.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

2. Styret godkjenner følgjande studentrepresentantar til Styret for Høgskulen på Vestlandet, for perioden 1.8.2017 til og med 31.7.2018:

Stord/Haugesund: Cecilie Fredheim
 Sogn og Fjordane: Marie Eikemo Larsen
 Bergen: Sondre Johan Haugsdal Riisøen

Vara:
 Sogn og Fjordane, 1. Vara: Marita Helland
 Bergen, 1.Vara: Bjørn Olav Østeby
 Bergen, 2.Vara: Eigil Hole Lønning

056/17 Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	56/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek rapporten Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet til vitande.
2. Styret legg skildringane av krav til akkreditering som universitet (kapittel 2) og tilrådingar (kapittel 4) til grunn for det vidare strategiarbeidet ved HVL.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Eva Haukeland Fredriksen presenterte saka.

Styret gir si støtte til det vidare arbeidet med denne saka. Rapporten om realiseringa av universitetsambisjonen må takast med i arbeidet med strategi og langtidsbudsjett. Styret understreka at det er viktig at bredde-spiss tematiserast i det vidare arbeidet, samt at ein ser fordeling av frie stipendmidlar i ein strategisk samanheng. Styret ber og om at det vert gjort ei kompetansekartlegging i organisasjonen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tek rapporten Realisering av universitetsambisjonen til Høgskulen på Vestlandet til vitande.
2. Styret legg skildringane av krav til akkreditering som universitet (kapittel 2) og tilrådingar (kapittel 4) til grunn for det vidare strategiarbeidet ved HVL.

057/17 Tilstandsrapporten for høyere utdanning 2017 - hovedtall og tendenser for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	57/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Høgskulestyret tar saken til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Rektor presenterte saka.

Styret ta med seg innhaldet i rapporten i sitt vidare arbeid, og den må også takast høgde for i samband med strategiprosessen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Høgskulestyret tek saka til vitande.

058/17 Studiebarometeret 2016 - orientering til styret om resultat for utvalde utdanningar

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	15.06.2017	58/17

Forslag til vedtak:

Styret tar orientering om resultat frå Studiebarometeret 2017 for utvalde utdanningar til vitande.

Møtebehandling

Styreleiar innleia. Bjørg Kristin Selvik presenterte saka.

Styret ber om at resultata i saka vert tatt med i strategiprosessen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar orientering om resultat frå Studiebarometeret 2017 for utvalde utdanningar til vitande.

039/17 Tilsetting i stilling som organisasjonsdirektør*Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd*

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	11.05.2017	39/17
2 Høgskulestyret	15.06.2017	39/17

Forslag til vedtak:

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtebehandling

Møtet var lukka.

Votering

Møtet var lukka.

Vedtak

1. Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak i spørsmål om fortrinnsrett til stillinga som organisasjonsdirektør:

Tage Båtsvik vert funnen kvalifisert og har fortrinnsrett til stilinga.

2. Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak om tilsetjing i fast stilling i 100 % som organisasjonsdirektør ved Høgskulen på Vestlandet:

1. *Tage Båtsvik*
2. *Wiggo Hustad*

Tilsettinga gjeld med verknad frå 1. august 2017.

040/17 Tilsetting i stilling som direktør for økonomi og arealforvaltning

Unntatt etter offentlighetsloven Offl § 25 første ledd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	11.05.2017	40/17
2 Høgskulestyret	15.06.2017	40/17

Møtebehandling

Saka er unnateke offentlegheita.

Møtebehandling

Møtet var lukka

Votering

Møtet var lukka.

Vedtak

1. Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak i spørsmål om fortrinnsrett til stillinga som direktør for økonomi og areal forvaltning:

Tage Båtsvik vert funnen kvalifisert og har fortrinnsrett til stillinga.

2. Styret for Høgskulen på Vestlandet gjer følgjande vedtak om tilsetjing i fast stilling i 100 % som direktør for økonomi og arealforvaltning ved Høgskulen på Vestlandet:

1. *Tage Båtsvik*

Tilsettinga gjeld med verknad frå 1. august 2017.

3. Dersom Tage Båtsvik takkar nei til stillinga, så vert stillinga lyst ut eksternt i tråd med vedtak i sak 19/17. Rektor får fullmakt til å justere utlysingsteksten, særlig med omsyn til at behovet for strategisk økonomikompetanse må vere tydeleg nok.

O-07/17 Orienteringar til styremøte 07/17

Arkivsak: 17/00146-11

O-07/17-1 Årshjul pr. mai 2017 (inkl. møteplan H2017)

Spørsmål til årshjulet kan sendast til sekretariatet.
Møteplan haust – start styremøte dag 2 på dobbeltmøta: Justere til kl. 9-14.

O-07/17-2 Referat frå IDF-møte

Ingen merknadar.

O-07/17-3 Hovedavtalen og beslutninger om intern organisering av Høgskulen på Vestlandet - Svar frå departementet

Ingen merknadar.

O-07/17-4 Oppfølging av styrevedtak om bygging av det fjerde fakultet

Rasmus Stokke presenterte saka. Det var lagt opp til ein prosess kor ein ikkje la press på fagmiljø, men at ønske om å bli del av det nye fakultetet skulle komme frå dei fagmiljøa som ønska det sjølv.

Ingen merknadar.

O-07/17-5 Førebuing strategiprosessen i OU-programmet (P1)

Styret vil få ei større orienteringssak på dette i september.

Viktig å inkludere våre omgjevnadar i det vidare strategiarbeidet.

O-07/17-6 Etatsstyringsmøte

Konstruktivt møte med KD. God styringsdialog, KD har god forståelse for våre utfordringar.

Ingen merknadar.

O-07/17-7 Rapport frå studentombodet V2017

Sondre Dueland presenterte rapporten.

Ingen merknadar.

Eventuelt

Følgeforskning av fusjonsarbeidet (meldt av Tom Skauge)

- *Saka skal diskuterast i leiarmøte fredag 16. juni*

Profildokument (meldt av Tom Skauge)

- *Rektor vil i samråd med styreleiar sjå på om det er føremålstenleg å ferdigstille profildokumentet eller om det er betre at det vert teke med i grunnlaget for strategiarbeidet.*

Plassering av Nasjonalt senter for mat og helse til fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (meldt av Gunnar Yttri)

- *Ikkje ei føregriping av senterplasseringa generelt, dette senteret er i ei særstilling. HVL er administrativt vertskap for senteret. Det rapporter ikkje til den faglege linja til Høgskulen. Ut frå mandatet til senteret så er det mest naturleg at det leggst til fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.*

Studentrepresentant Ingrid Moe Albrigtsen vart takka av.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/03640-5
Saksbehandler Wiggo Hustad

Arkivkode. 013

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
31.08.2017

60/17

ORIENTERING TIL STYRET OM OU-PROGRAMMET

Forslag til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Samandrag

I denne saka vert styret orientert om status på framdrifta i OU-programmet.

Vedlegg:

Saka har ikkje trykte vedlegg.

Utrykte vedlegg:

[018/17 Mandat og rammer for organisasjonsutviklingsprogrammet](#)
[O-06/17-8 Løypemelding frå OU-programmet](#)

Saksframstilling:

OU-programmet fekk sitt mandat i styremøte 9.3.17, og informerer styret ved avvik frå plan, når ein av andre grunnar meiner det er rett, eller når ein vert beden om det. Denne orienteringa peiker på nokre mindre avvik i tid, men er elles ei orientering om at arbeidet skjer i samsvar med plan

Programmet er delt i fire hovudprosjekt.

P1 Førebuing av strategiprosess, forprosjekt

P2 Fagleg organisering

P3 Administrativ organisering

P4 Digitalisering

Hovudprosjekta utviklar seg innholdsmessig i samsvar med plan. Strategiprosessen er planlagt og vert starta som eige prosjekt, med planlagt leveranse våren 2018. I fagleg organisering vert instituttstruktur framlagt i septembermøtet. Arbeidet med samkøyring av utdanningar vert ikkje så omfattande som planlagt, etter råd frå faglege leiarar. Senterstruktur, råd- og utvalsstruktur startar no. Endeleg innplassering av administrativt tilsette ligg noko etter i tid. Dette er ei følge av forskyving av tilsetjingar på nivå 1 og 2. Arbeid med delegasjonsreglement startar no, og vert ferdigstilt etter at andre delprosjekt har levert grunnlag. I digitaliseringsprosjektet har delprosjektleiarsituasjonen vore utfordrande i periodar. Ein aukar difor no innsatsen i haust og vil levere aktuelle bidrag til kommande strategiske vurderingar på tid. Canvas er teke inn i P4 Digitalisering.

Prosjektmedarbeidarar leverer framleis svært godt arbeid, og vi har framleis litt økonomisk handlingsrom.

Nærmare om hovudprosjekta

P1 Førebuing av strategiprosess, forprosjekt

P1 vert handsama som eiga sak i dette styremøtet.

P2 Fagleg organisering

P2 har levert sak om nivå 2 (P2.1 - fakultet). Vi førebur sak om instituttstruktur til septembermøtet i samsvar med justert framdriftsplan (P2.2). Det er OU-programleiar si vurdering at styret vil få ei godt førebudd sak i september, der dekanane sine tilrådingar vert nytta som rektor sitt grunnlag for framlegg til vedtak. Styret sine vedtekne prinsipp for nivå 3-organisering er lagt til grunn, og dekanane vil gjere greie for sine vurderingar av graden av oppfølging av desse. OU-programmet har særleg streka under at dekanane – om det vert merkbart ulike vektleggingar av prinsippa – må kunne forstå og støtte andre løysingar på andre fakultet, enn den dei tilrår for sitt eige.

P2.2.1 Etablering av senter

Det er OU-programleiar si vurdering at sjølve prosessen med å utarbeide prinsipp for senterstruktur og forslag til rammer for struktur, må koplast til arbeidet med strategiprosessen. Forslaget er at ein i inntil strategiprosessen startar, gjennomfører ein innleiande kartlegging av senterstrukturen.

Det eksisterer 10 senter i HVL i dag. Ein vil gjennomgå relevante dokument, gjennomføre sjøvevalueringar og ha fokusgruppeintervju med aktuelle aktørar. Om og korleis desse sentra skal vidareførast, eller knytast til ein ny struktur, skal ikkje takast stilling til no. Det er likevel viktig for dei tilsette å etablere klåre koplingar til linjeorganisasjonen innan 1.1.2018. Slike vil vere mellombelse, fram til strategiprosessen er avslutta og sentra er vurderte i lys av denne.

P2.3 Samkøyring av utdanningar

Før sommaren var det klart at barnehagelærerutdanningane skulle vere pilot for samkøyring, med oppstart hausten 2018. Det vart laga prosessplan og planlagd å tilsette prosjektleiar. Etter fleire kritiske merknader til tempoet i prosessen valde dekanane å trekkje denne utdanninga som pilot i OU-programmet. Samkøyring av Barnevern-, sosialt arbeid- og vernepleieutdanningane (BSV) er fortsatt ein pilot, men det vart avklara i mai at felles studie ikkje kan starte før 2019. Denne utsetjinga har samanheng med pågåande nasjonale prosessar. OU er likevel støtte for prosjektet, så langt OU-programmet er i drift.

P2.4 Utgreiing og etablering av råd og utval

Det er OU-programleiar si vurdering at prosessen kan starte med ei kartlegging av erfaringar med råd og utval i eigne organisasjonar og kva råd og utval fusjonerte institusjonar vi kan samanlikne oss med har etablert. Gjennomgang av skriftleg materiale og intervju/fokusgrupper med involverte partar er aktuelt. For å spare organisasjonen i denne fasen, føreslår OU å skissere alternative forslag til struktur for råd og utval, inkludert retningslinjer for oppretting av råd og utval ved HVL og mandat. Dette kan brukast i vidare prosess med å forankre og fatte vedtak i saka.

P3 Administrativ organisering

P3 omfattar etablering av administrative einingar på fleire nivå, samt å knyte funksjonar og rollar til desse. Arbeidet hadde ein opprinneleg ambisjon om å vere avslutta slik at ein kunne gjennomføre innplassering av tilsette i administrative stillingar før årsskiftet 17/18. Dette ser ein no ikkje vil skje. Bakgrunnen for dette er i all hovudsak som følge av forskyving av tilsetjingar i leiande stillingar. OU-programmet vil levere funksjonsplanar tidleg i november og bemanningsplanar i januar. Vi vurderer likevel ikkje denne utsetjinga som kritisk, sjølv om det er uheldig både med omsyn til planlegging for 2018 og for den einskilte administrativt tilsette. Om OU-arbeid som går inn i 2018 skal gjennomførast som OU-program, eller om det skal knytast til ei permanent eining for denne typen arbeid, knytt til organisasjonsdirektøren, er naturleg å vurdere som del av den samla drøftinga av administrativ organisering. Det ligg til rektor å fastsetje den administrative strukturen.

I **P3.1** har ein identifisert dei administrative funksjonane, men ikkje knytt dei til endeleg til namngjevne organisasjonseiningar. Det vert starta eit eige delprosjekt,

med organisasjonsdirektøren som leiar, for å få landa dette snarast. Dette er eit arbeid som ligg i linja, ikkje i OU-programmet, men som gir viktige føringar inn i det vidare arbeidet i delprosjekt P3.3, og som ein difor sikrar koplinga mellom. Detaljering av administrativ organisasjonsstruktur i form av funksjonsplanar (P3.3) startar no og vert ferdigstilt når funksjonar er endeleg knytte til einingar (td kvar biblioteket skal vere). Bemanningsplanar som omtalar den einskilde stilling innanfor eit gitt funksjonsområde vert levert i januar, som grunnlag for endeleg innplassering (eige prosjekt i personaladministrasjonen). Det vert lagt opp til brei involvering av medarbeidarane i P3.3.

P3.2 omhandlar etablering av felles praksis, og er i rute. Arbeidet i om lag 40 arbeidsgrupper er omfattande og har alt resultert i gjensidig kunnskapsdeling og betre administrative prosessar. Det er etter OU-programleiar si vurdering avgjerande at arbeidet med slik medarbeidar driven effektivisering og kvalitetsutvikling vert vidareført utover programperioden.

P3.4 Delegasjonsreglement bygger vesentleg på utfallet av P3.3, og vil elles bygge på etablerte kunnskapar om oppbygging av slike reglement. Innspel til delegasjonsreglementet vil i all hovudsak vere ei utkrystallisering av arbeidet i P3.2 og P3.3, kor roller og linjer vert skildra.

P4 Digitalisering

P4 Digitaliseringsprosjektet skal realisere viktige digitale satsingar for HVL. Prosjektet arbeider med kortsiktige og konkrete tiltak (sjå til dømes P4.2), samstundes som ein arbeider med å gje innspel til strategiprosessen og andre meir langsiktige tiltak kor effektane først vert synlege på noko lengre sikt. Prosjektet er organisert i fire delprosjekt, og prosjektgruppa i P4 er sett saman av dei fire HVL – tilsette delprosjektleiarane, i tillegg til ekstern hovudprosjektleiar.

P4.1: Digital infrastruktur – målretta IKT-organisasjon og infrastruktur arbeider med grunnleggjande infrastruktur og applikasjonar. Infrastruktur for samhandling på tvers av campus, mellom anna AV – utstyr og møterom er ein viktig del av dette. Arbeidet har ligg bak opphøveleg plan grunna sjukmelding og seinare skifte av delprosjektleiar.

P4.2: Digital samhandling – felles prosessar og kompetanse skal utnytte og utfordre administrative løysingar, og sjå korleis desse kan nyttast til å utvikle og utnytte administrativ kapasitet og kompetanse på tvers av studiestader. Delprosjektet arbeider tett med P3.2. Vidare arbeider delprosjektet med å etablere ein pilot på robotisert prosessautomatisering i samarbeid med avdeling for Helse og Sosialfag i Bergen. «Roboten» var ferdig utvikla i juni, og vil bli arbeidd vidare med utover hausten.

P4.3: Digitalt handlingsrom i undervisning, læring og forskning skal leggje til rette for at mogelegheitene digitalisering gir i undervisning og forskning i UH-sektoren vert utnytta på ein god måte av HVL. Prosjektet fokuserer no på å støtte gjennomføringa av- og lære frå ein pilot på digital undervisning. Pilotutdanninga er ein master i klinisk

sjukepleie med spesialisering i intensiv og operasjon, og går på tvers av dei tre nær-regionane i HVL. Mange har arbeidd mykje og godt for å ha alt klart til studiestart 14. august, men erfaringane til no er likevel blanda. Digitaliseringsprosjektet trur HVL bør gjere endringar i korleis ein støtter digital undervisning.

P4.4: Innføring av den nye læringsplattforma Canvas går frå å være ein arbeidsgruppe i sikker drift til å verte eit delprosjekt i digitaliseringsprosjektet. Prosjektgruppa arbeider vidare etter opphævelege planar.

Det er OU-programleiar si vurdering at HVL snarast må etablere og lyse ut eksternt ei leiande stilling for å sikre at HVL har fagleg tung kapasitet i arbeidet med å ta organisasjonen inn i ein mykje meir digitalisert, fleksibel, distribuert og effektiv arbeidsmåte.

Økonomi

Oversynet viser at vi har ein noko mindre forbruk enn budsjettet. Dette heng delvis saman med personalsituasjonen i P4 Digitalisering, og noko mindre reiseverksemd enn budsjettet. Personalsituasjonen endrar seg tilbake til det normale for P4 og P3.2 (Felles praksis) aukar bemanninga no i haust. Som det går fram er Canvas ført over OU-programmet.

	Regnskap per aug17	Budsjett per aug17	Budsjett tot 2017
Lønn	4 330 000		
CANVAS system	1 600 000		
Deloitte	1 200 000		
Reiser	370 000		
Totalt	7 500 000	9 000 000	14 000 000



Arkivsak-dok. 17/03640-4 Arkivkode. 013
Saksbehandler Anne Marthe Kaldestad Hanstveit

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 31.08.2017

61/17

PLAN FOR STRATEGIPROSESSEN 2017-2018

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek orientering om plan for strategiprosess 2017–2018 til vitande.

Styret ber rektor nedsette ei strategigruppe som skal leie strategiprosessen i henhold til mandat og plan for prosessen.

I det komande arbeidet med strategiutvikling skal styret haldast orientert om prosessen og gi innspel og føringar i dialog med strategigruppa på styremøta i perioden der strategiprosessen vert gjennomført.

Sammendrag

P1 Førebuing av strategiprosessen i OU-programmet har utarbeida eit forslag til plan for strategiprosessen 2017-2018 som no vert lagt fram for styret. Det er ynskjeleg at arbeidet med strategiprosessen er godt forankra i styret, og at styret gir sine innspel til rektor og det vidare arbeidet.

Vedlegg:

Plan for strategiprosessen ved Høgskulen på Vestlandet 2017-2018

Utrykte vedlegg:

[O-07/17-7 Forprosjekt P1 Førebuing strategiprosessen i OU-programmet](#)

Saksframstilling:

Forprosjektet P1 Førebuing av strategiprosessen i OU-programmet har som mandat å førebu rammer for den kommande strategiprosessen. I vedlagte plan vert det i hovudsak føreslått organisering og gjennomføring av prosessen (leveranse 1), men planen vil også vise til behov for vidare kartlegging i forbindelse med strategiutviklingsarbeidet (leveranse 2).

Vedlagte plan er utarbeida av OU-programmet og dei nyttilsette prorektorane, i samarbeid med rektor og hennar leiergruppe. Tillitsvalde og studentar har blitt konsultert i arbeidet.

Plan for strategiprosessen gjer greie for:

1. Mål og rammer for strategiprosessen
2. Organisering av strategiprosessen
3. Faser og tidsplan for strategiprosessen

Forprosjektgruppa har tatt utgangspunkt i overordna prosessmål om:

- › Samarbeid på tvers i organisasjonen om å teikne HVL sitt nobilde og framtidsbilde for å få kjennskap, eigarskap og forplikting til strategien på tvers i organisasjonen
- › Breitt tilfang av perspektiv, med særleg vekt på dialog med eksterne interessentar og samarbeidspartnarar.
- › Forståing av kva som er kravd av samarbeid horisontalt og vertikalt for å nå våre strategiske målsettingar.

Til grunn for strategiprosessen ligg Fusjonsavtalen, oppdragsbrevet, utviklingsavtalen, styrevedtak knytt til prosjekt Faglig plattform, profil og strategi, og delprosjekt Realisering av universitetsambisjonen HVL i Fusjonsprogrammet, samt andre mål og føringar.

23.08.2017

Plan for strategiprosessen ved Høgskulen på Vestlandet 2017-2018

Forprosjekt Førebuing av strategiprosess, OU-programmet

Innhold

1.0 Bakgrunn	2
2.0 Mål og rammer for strategiprosessen.....	3
2.1 Strategisk periode og strategisk horisont.....	3
2.2 Involvering av eksterne samarbeidspartnere og interessenter	4
2.3 Fakultetsstrategier i takt med hovedstrategien	4
2.4 Arbeidsgrupper på tvers av fagmiljø	5
2.5 Åpne møtearenaer med lav terskel for deltakelse	6
2.6 Lett tilgjengelig informasjon om strategiprosessen	6
3.0 Organisering av strategiprosessen	6
3.1 Styrets og rektors rolle	7
3.2 Strategigruppe på institusjonsnivå og undergrupper	7
Arbeidsgrupper for utdanning, forskning og samhandling:	8
Arbeidsgruppe for tverrgående synergiområder:	8
3.3 Strategigruppene på fakultetsnivå	9
3.4 Interne og eksterne interessenter.....	9
3.5 Sekretariat	9
4.0 Strategiprosessens faser og tidsplan 2017-2018.....	10
4.1. Planlegging og innledende kartlegging august-november 2017	11
4.2 Strategisk fundament: Samfunnsoppdrag, visjon, formål og verdier	11
4.3 Strategisk analyse	11
4.4 Faglig vitenskapelig strategi, profil og målstruktur	12
4.5 Implementering av strategi og kompetanseutvikling	14
Referanser:	15
Vedlegg:	15

23.08.2017

1.0 Bakgrunn

Forprosjektet P1 Førebuing av strategiprosessen i OU-programmet har som mandat å forberede rammene for den kommende strategiprosessen, og avsluttes når strategiprosessen starter november 2017.

I perioden mai-august 2017 har forprosjektgruppen bestått av:

- Bjørg Kristin Selvik, Prorektor for utdanning
- Gro Anita Fønnes Flaten, Prorektor for forskning
- Liv Reidun Grimstvedt, Prorektor for samhandling
- Gro Nesheim (OU-programmet)
- Anne Marthe K Hanstveit (OU-programmet, leder)

Leveranser i forprosjektet omfatter:

- 1 Utarbeide plan for strategiprosessen med hensyn til ressurser, aktører og aktiviteter.
 - Aktivitetene skal ta hensyn til kobling mellom strategiske mål og lederroller, for eksempel ved å etablere lederutvikling som en del av strategiarbeidet.
- 2 Systematisere og innhente grunnlagsdokumentasjon, der en identifiserer behov for det, knyttet til:
 - a. hvordan vi løyer samfunnsoppdraget
 - b. hvordan vi arbeider med våre virksomhetsmål
 - c. vår forståelse av god kvalitet knyttet til FoU, utdanning og samhandling for et felles HVL.
 - d. om ulike endringer i regionale, nasjonale og internasjonale forhold, som en framtidig strategiprosess må kjenne til og ha som utgangspunkt.

Dette dokumentet vil i hovedsak legge frem forslag til plan for strategiprosessen (leveranse 1), men vil også vise til behov for videre kartlegging i forbindelse med strategiutviklingsarbeidet (leveranse 2).

Kort om prosessen

P1 Førebuing av strategiprosessen er et mindre omfattende forprosjekt sammenlignet med de andre hovedprosjektene i OU-programmet. Forprosjektet har blitt ivaretatt i et samarbeid mellom OU-programmet og de tre prorektorene, i dialog med ulike aktører i organisasjonen. I vår har forprosjektet hatt innledende dialoger med ledergruppen (liten og stor), tillitsvalgte og studenter rundt sentrale problemstillinger knyttet til den kommende strategiprosessen ved HVL (viser til orientering i styret O-07/17-5). Forprosjektet arrangerte en utvidet ledersamling 20-21.juni hvor representanter fra fagforeningene og studentene var tilstede. Her ble utkast til plan for strategiprosessen diskutert. Innspillene fra denne samlingen har gitt retning for denne styresaken.

Grunnlagsdokumenter og føringer

Strategiprosessen skal bygge videre på strategiske føringer gitt i Fusjonsavtalen. I fusjonsprogrammet utarbeidet *prosjekt Faglig plattform, profil og strategi en rapport* som beskriver faglig profil, tverrgående synergiområder, forslag til faglige visjoner, mål og prioriteringer for HVL i perioden frem til 2023. I tråd med tilhørende styrevedtak (sak 11/17) skal rapporten legges til grunn for strategiprosessen.

Videre leverte delprosjekt *Realisering av universitetsambisjonen HVL* sin rapport til styret i juni (sak 56/17). Rapporten understreker at mål om å søke om universitetsstatus innen 2023 vil innebære ambisiøse strategiske prioriteringer som omfatter hele institusjonen og dens virke i kommende strategiperiode. Rapporten fremhever spesielt tiltak innen utvikling av fagmiljøenes kompetanse, rekruttering og gjennomstrømming på ph.d.-utdanningene, samt utvikling av utdanning og FoU-virksomhet av høy internasjonal kvalitet.

23.08.2017

Tett knyttet til strategiprosessen er også *Utviklingsavtalen med KD* som har til hensikt å gi HVL en tydelig profil og på sikt bedre arbeidsdeling i UH-sektoren. Utviklingsområdene skal knyttes til sektormål, HVLS faglige profil og bygger på strategiske føringer i fusjonsavtalen. Utviklingsavtalen skal gjenspeile de overordnede prioriteringene til HVL fram mot 2020. Se vedlegg 1 for andre grunnlagsdokumenter og føringer.

2.0 Mål og rammer for strategiprosessen

Strategiprosessen ved HVL skal gi retning for en langsiktig utvikling. Felles forståelse for hvem vi er i dag og hvilke mål vi skal strekke oss mot, er avgjørende for å lykkes i å gjøre riktige strategiske prioriteringer i årene som kommer. I en ny organisasjonen vil strategiprosessen ha et utvidet formål når det gjelder å bygge en samlet institusjon. HVL har mye å vinne på å gjennomføre prosesser som skaper positive forventninger i organisasjonen om hvilken delingskultur, åpenhetskultur, involvering av fagmiljø og samarbeid med eksterne partnere vi vil skal kjennetegne oss. En prosess som bidrar til felles tekning, eierskap og engasjement, vil være avgjørende for implementering av strategien i årene som kommer. Slik forprosjektgruppen ser det, er sentrale mål for strategiprosessen å skape:

- › Samarbeid på tvers i organisasjonen om å tegne HVLS nåbilde og fremtidsbilde for å få kjennskap, eierskap og forpliktelse til strategien på tvers i organisasjonen
- › Bredt tilfang av perspektiver, med særlig vekt på dialog med eksterne interessenter og samarbeidspartnere.
- › Forståelse for hva som kreves av samarbeid horisontalt og vertikalt for å nå våre strategiske målsettinger.

I lys av prosessmålene vil forprosjektet foreslå en plan for strategiprosessen som er utformet innen følgende rammer:

- › Samarbeidspartnere og eksterne interessenter involveres i alle faser av strategiutviklingen.
- › Fakultetsstrategier utvikles i takt med hovedstrategien.
- › Strategigrupper og arbeidsgrupper nedsettes på tvers av organisasjonen, slik at en samlet sett ivaretar en bredde både når det gjelder roller og faglig tilhørighet.
- › Det etableres åpne møtearenaer med lav terskel for deltakelse.
- › Lett tilgjengelig informasjon om prosessen.

2.1 Strategisk periode og strategisk horisont

Forprosjektgruppen foreslår 2018-2023 som strategisk periode for den nye strategien. Perioden sammenfaller med universitetsambisjonens sentrale milepel, samtidig som den sikrer overlapp mellom ledelsens åremål på nivå en og to.

Det finnes imidlertid argumenter for en kortere strategisk periode. Styringssystemet og organisasjonsstrukturen ved HVL er under etablering. Den kommende strategiprosessen vil ikke ha samme mulighet til å vurdere om strukturer, styringslinjer, system og rutiner støtter opp under strategiske prioriteringer. Samtidig er vi i en tid hvor den sosiale og kulturelle kompleksiteten er stor (Bakoğlu et al, 2016; Paris, 2003). Endringstakten og det digitale skiftet vil medføre store konsekvenser for arbeidsliv og samfunnsliv, noe som kan gjøre langtidsplanlegging og strategiutvikling mer utfordrende enn tidligere. Dette kan i noe grad tas hensyn til med en årlig gjennomgang av planen, og det kan også være hensiktsmessig å revidere strategien i løpet av strategiperioden.

23.08.2017

Strategisk horisont: Selv om HVL har ambisjon om å søke om å bli universitet i 2023, må ikke dette begrense vår strategiske horisont. Vi kan risikere at kortsiktige prioriteringer, med 2023 som mållinje, kan stå i konflikt med det som kreves av oss for å møte utfordringer som ligger enda lenger fremme. Dette må utforskes i strategiprosessen.

2.2 Involvering av eksterne samarbeidspartnere og interessenter

Et tydelig budskap i de innledende dialogene mellom forprosjektgruppen og ledere, tillitsvalgte og studenter, er viktigheten av å sikre det eksterne blikket i strategiprosessen. Involvering av interessenter er også noe som beskrives som en av forskjellene mellom strategiutvikling og ren langtidsplanlegging (Paris, 2003), da strategiprosessen skal drives av en visjon for fremtiden, og slik håndtere problemstillinger i lys av det som rører seg i landskapet som omgir organisasjonen.

En åpenbar mulighet er å ha eksterne representanter i strategigruppen som skal nedsettes i strategiutviklingsprosessen. Samtidig vil en eller to representanter tilføre et begrenset perspektiv i lys av at HVL skal i vareta et mangfold av interessenter og samarbeidspartnere i tre nærregioner. Vår profesjons- og arbeidslivsprofil vil kreve en bred involvering av eksterne i alle nærregionene. Relevante aktører er virksomheter som er typiske arbeidsgivere for våre kandidater i privat og offentlig sektor, samt andre relevante samarbeidspartnere. Vi trenger en egen arena for å ivareta denne dialogen.

RSA og referansegrupper i nærregionene: Liv Reidun Grimstvedt, prorektor for samhandling, vil ha et særlig ansvar for å etablere dialog med Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) i strategiprosessen. Videre foreslår forprosjektgruppen at strategigruppen, helt innledningsvis i sitt arbeid, identifiserer og kontakter eksterne samarbeidspartnere og interessenter i de tre nærregionene. De eksterne kan på denne måten dele sine perspektiver, behov og fremtidsbilder i forkant av strategiprosessen¹. Informasjonsinnhenting kan gjennomføres via questback og/eller intervjuer. Det er også viktig at HVL er tidlig ute når det gjelder å markedsføre sitt regionale og nærregionale ansvar. Videre vil et stort antall interessenter, også kunne medføre at noen forventninger står i konflikt med hverandre. Slik sett kan en innledende dialog og involvering av eksterne bidra like mye til en innledende forventningsavklaring som en ren forventningskartlegging.

Representanter for eksterne samarbeidspartnere bør inviteres med på ledersamlinger og styreseminar hvor strategiutvikling er tema. Samtidig kan man arrangere et eget innspillseminar for alle våre eksterne samarbeidspartnere midtveis i prosessen.

2.3 Fakultetsstrategier i takt med hovedstrategien

HVL trenger en tydelig overordnet strategi som styrer utviklingen for hele organisasjonen. Samtidig skal det etableres store, nye fakultetene som selv må formulere mål og ambisjoner for sin virksomhet. Fakultetsstrategier kan gi bedre forutsetninger for eierskap blant ansatte, om de utvikles tett på fagmiljøene, instituttene og sentre. Med mål om samarbeid på tvers for å tegne HVLs nåbilde og fremtidsbilde, vurderer forprosjektgruppen det hensiktsmessig at strategiprosessen ved HVL også inkludere en plan for utarbeiding av fakultetsstrategier.

Hovedstrategien og fakultetsstrategiene kan på denne måten gi innspill til- og gjensidig utfordre hverandre. En parallell med sammenkoblet prosess kan i større grad sikre et nedenfra og opp perspektiv (Bakoğlu et al, 2016). Med deling som drivkraft, ideal og metode, vil HVL ha mye å vinne på at den strategiske dialogen skjer på tvers i organisasjonen – på samme tid. Fakultetsstrategiene må knyttes tett til den overordnede strategien, og bidra til felles kraft og retning for organisasjonen som helhet. Hovedstrategien vedtas før fakultetsstrategier ferdigstilles (figur 2).

¹ Inngår i forprosjektets mandat og leveranse 2.

23.08.2017

2.4 Arbeidsgrupper på tvers av fagmiljø

På en side kan stort fokus på fakultetsstrategier svekke mulighetene til å skape dialog mellom fakultetene i strategiprosessen. På den andre siden huser de nye fakultetene fagmiljø på tvers av campus, og det er viktig at disse får tilstrekkelig mulighet til å bli kjent med hverandre, etablere felles tilhørighet og strategisk retning. Hovedstrategien skal ivareta institusjonsperspektivet og tverrgående synergiområder, og i den forbindelse må det legges opp til arenaer som kan gi gode innspill på dette.

Tidsperspektiv og involvering: For at strategien skal ha en forankring må institutt og fagmiljøene involveres tidlig. Grad av involvering må samtidig sees i lys av at organisasjonen allerede har vært gjennom en fase med stor deltakelse og høy arbeidsbelastning. En prosess som drar ut i tid kan medføre tretthet i organisasjonen og prosessen kan miste driv og energi (Paris, 2003). Det kan derfor være hensiktsmessig å skjerme ressurser ved at noen representerer en større gruppe i de ulike fasene av strategiutviklingsarbeidet. I endringsprosesser vil målet for en arbeidsgruppe både være å skape eierskap og forankring, samt få frem best mulig kunnskap på det aktuelle området. Begge deler må tas hensyn til ved selektiv inkludering (Meyer og Stensaker, 2011). Det blir viktig å ta utgangspunkt i de problemstillingene som skal besvares, og deretter spørre seg om hva og hvem som skal til for å gjøre de best mulige analysene av de utfordringene som skal belyses.

- 9) Jf. spørsmål 5. Bør omfang på administrative tenester ha eigne mål og dermed realbudsjetterast eller skal budsjetta henge saman med resultatutviklinga på fakulteta?
- 10) Bør større investeringar i utstyr og infrastruktur bli finansierte som ein del av ein fast modell eller som ei skjønsmessig tildeling/realbudsjettering?

Andre komponentar som er diskutert i høve modellen:

Stipendiatbudsjett

I KD-tildelinga ligg tildeling til rekrutteringsstillingane i basistildelinga til institusjonen. Per i dag har HVL fått tildelt 94 rekrutteringsstillingar, inkludert dei 13 nye vi fekk i 2017.

Alle tre nærregionane har i dag alle dei KD-finansierte stipendiatane organisert i eit felles stipendiatbudsjett. I tillegg blir fleire stipendiatar finansierte gjennom avdelingsbudsjetta eller strategiske midlar, og kjem ikkje inn i denne berekninga. Rekrutteringsstillingane har ofte vore knytt til spesifikt fagområde når dei har blitt tildelt, eller dei har blitt fordelt til fagområder i dei tidlegare institusjonane.

Skal stipendiatane vera ein del av fakultetsbudsjetta, eller skal dei ligge samla på eit felles nivå?

Fordelane med å ha dei på fakultetsbudsjetta er at fakulteta til ein kvar tid har kontroll på kva stillingar dei har fylt opp og kvar det er ledige ressursar. Eit eventuelt mindreforbruk knytt til dei tildelte stillingane vil då gå til fakulteta, og kan eventuelt nyttast til anna kompetanseheving.

Viss stipendiatane er samla på institusjonsnivå er at det lettare å ha kontroll på utnyttinga av stipendiatmidlane og det vil vera lettare for styret å setje krav til utnyttinga av dei og å fordele rekrutteringsstillingar som del av strategisk plan.

Nye studieplassar

I dei årlige statsbudsjetta blir midlar til nye studieplassar, redusert eller flytta studieplasskapasitet mellom institusjonar, lagt inn i basisdelen av finansieringssystemet. Midlane er berekna på grunnlag av satsar som følger same mønster som resultatbasert finansiering etter tal på studiepoeng og kandidatar, A-F. For 2017 varierer basisfinansieringa for ein studieplass frå 59' (kat F) til 118' (kat C) for HVL. HVL har per no ingen studieplassar i kategori A eller B.

Dersom ei utdanning får tildelt nye studieplassar eit studieår, tek det to år før fakultetet får resultatfinansiering frå KD på grunnlag av studentane sine studiepoeng.

Utvalet legg derfor inn eit forslag om at dersom eit fakultet får tildelt nye studieplassar, får fakultetet tildelt 100% av studieplassens basisfinansiering i to år, fram til dei får resultatfinansiering. Etter dette

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

får fakultetet ein del av basis for studieplassane (inkludert opptrapping), jamfør den modellen som blir vald.

Doktorgradsprogram

Doktorgradsprogramma til HVL er i utvikling og det tek fleire år før det blir produsert nok doktorgradskandidatar til at programma blir finansiert gjennom resultatdelen i finansieringssystemet. For kvar kandidat får HVL kr 367 000 i resultatutteljing. Det tek normalt 4 år å uteksaminere ein kandidat, og så tek det nye 2 år før det får effekt i tildelinga frå KD. Det vil ikkje vere mogeleg for fakulteta å dekkja desse kostnadane i så mange år før utteljinga kjem gjennom finansieringssystemet. Difor er det nødvendig at institusjonen tek eit ansvar for finansieringa av desse programma. Dette er eit satsingsområde for den nye høgskulen og det er naturleg å nytte strategiske midlar til å sørge for at programma blir tilstrekkeleg finansiert.

Når doktorgradsprogramma er modne, og kvart år uteksaminerer tilstrekkeleg mange kandidatar, så kan det vere aktuelt å opprette ein eigen budsjettmodul som fordeler midlar til desse.

Campusomsyn

HVL er eit resultat av ein fusjon mellom tre institusjonar og fem campus. Geografi og lokalisering vil noko ein må ta omsyn til i mange samanhengar. Men når det gjeld budsjettfordelingsmodell så ser utvalet utfordringar med å skulle leggje føringar for campusomsyn direkte inn i modellen. Alle fakulteta vil i ny organisering vere campusovergripande, og ressurstildelingar vil vere avhengig av fleire moment. Utvalet viser til høyringsspørsmål 13 for innspel på dette.

Senter

Utvikling av senterstruktur ved HVL er del av OU-programmet P2 Fagleg Organisering, og det er forventa oppstart av delprosjektet tidlegast september 2017.

Frå mandatet les vi følgjande:

Rektor/styret har ønske om ei eiga vurdering av senterstrukturen. Etablering av sentre på nivå 3 kan ha ulike grunngjevingar. Det kan dreie seg om å (rapport om leiing og fagleg organisering):

- ta eit nasjonalt ansvar på vegner av heile HVL
- ivareta strategiske satsingar ved HVL
- samle sentrale forskingsmiljø for å skape betre tverrfagleg forskningssamarbeid
- stimulere og fasilitere eksternfinansiering og/eller internasjonale samarbeid
- bidra til kopling mellom forskning og undervisning slik at HVL leverer forskingsbasert undervisning av høg kvalitet

Eit eige prosjekt om senterstruktur vert først starta etter at framlegg til instituttstruktur er på plass. Dette blir tidlegast juni 2017, og etter eige vedtak frå rektor.

I påvente av dette arbeidet vil modellen ikkje seie noko om økonomisk behandling av sentera. Sentera må forvente at dei blir budsjetttert slik som før fram til noko anna er bestemt.

Samla vurdering av modellen

Arbeidsgruppa vil under kort kople forslag til modell til mandatet for arbeidet med budsjettfordelingsmodell og til hovudprinsipp drøfta i styret.

Forslag til modell tek omsyn til føringane i mandatet ved at den:

- bygger på KD sin finansieringsmodell og vidarefører insentiva i den (pkt. 5 i mandatet)
- har ein modul for basistildeling og ein modul for resultat (pkt. 5 i mandatet)
- har ein strategisk modul (pkt. 2 i mandatet)
- kan gi grunnlag for langtidsbudsjettering (pkt.4 i mandatet)
- den kan enkelt evaluerast eller justerast (pkt.6 i mandatet)

Modellen som er foreslått vil vere 'transparent, robust og forutsigbar'. Modellen vil berre vera føreseieleg innanfor dei rammene HVL blir tildelt frå KD. Skal vi få ein samla økonomimodell som er meir føreseieleg må eksternfinansiering og bruk av avsetjingar/verksemdskapital bli ein del av modellen.

Forslag til modell tek i mindre grad omsyn til mandatet ved at :

- det er foreslått rammefordeling til fakulteta og realbudsjettering av felleskostnader og støttetenester (pkt. 1 i mandatet)
- modellen åleine sikrar ikkje 'heilskapleg og balansert budsjettfordeling' (pkt. 3 i mandatet). Dette må sjåast i samanheng med eksternfinansierte aktivitet og bruk av avsetjingar og verksemdskapital. Dette er ikkje del av mandatet.
- modellen åleine sikrar ikkje 'mogelegheit for tydeleg strategisk og langsiktig planlegging på ulike nivå'. Dette krev gode planprosessar og prioriteringar, som kan koplast opp mot langtidsbudsjett.

I styresak om hovudprinsipp for budsjettfordelingsmodell heiter det at:

'komponentane må balanserast på en slik måte at modellen kan legge til rette for:

- *Høg kvalitet i utdanning og forskning ved HVL.*
- *Realisering av overordna strategiske prioriteringar på sentralt nivå og på fakultetsnivå.*
- *Langsiktig planlegging, investering og drift.*
- *Stimulere til omstilling og innovasjon i organisasjonen.*
- *Gi styret handlingsrom.'*

Her er det fleire målsettingar som er knytt til systematisk planarbeid og utvikling der ikkje budsjettfordelingsmodellen i seg sjølv er avgjerande, men vil bidra.

For å 'stimulere til omstilling og innovasjon i organisasjonen' må det vurderast insentivordningar med eigne indikatorar/øyremerka midlar henta frå KD-tildelinga. I dette forslaget til modell er det ikkje foreslått eigne indikatorar. Dette kan eventuelt bli ei justering av modellen etter at arbeidet med strategiplanen er ferdig.

Innspela frå styret var i all hovudsak i samsvar med det mandatet som er gitt. I tillegg kom det i drøftinga fram nokre moment som går lengre enn mandatet. Ikkje alt kan løysast gjennom ein budsjettfordelingsmodell på overordna nivå, men må takast omsyn til lenger ned i organisasjonen. Til dømes vil det vere vanskeleg å utarbeide ein budsjettfordelingsmodell som tek omsyn til skilnadar mellom utdanningar som ikkje er godt nok teke omsyn til gjennom KD sine kategoriar. Det vil vere veldig utfordrande å innføre ein eigen rangering av utdanningane som ikkje er i samsvar med

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

kategoriane frå KD. Sannsynlegvis vil det undergrave legitimiteten og objektiviteten til modellen. Budsjettering av utdanningane må skje på kvart enkelt fakultet, og då vil ein kunne budsjettere kvar enkelt utdanning slik at dei får tilstrekkeleg med ressursar.

Kor langt ned i organisasjonen skal ein nytte ein budsjettfordelingsmodell som er basert på finansieringssystemet?

I mandatet og hovudprinsippa er det lagt til grunn at budsjettfordelingsmodellen skal baserast på rammetildeling i organisasjonen. Kva HVL legg i rammetildeling, og kva fullmakter som følgjer til den ansvarlege leiaren er viktig å avklare.

Ein kunne tenke seg ein økonomimodell der den resultatbaserte finansieringa for utdanning frå KD vart tilført det studiet som genererte inntekta. Dette vil gi ein styringsmodell som ramme for ressursar knytt til utdanningane. Dei resultatbaserte inntektene som er knytt til FOU er langt mindre, og kan for eksempel nyttast som delfinansiering av ulike ønska FOU-aktivitetar for å oppretthalde/auke eksternfinansiering.

Det er krevjande å utarbeide ein modell som skal fungere i heile organisasjonen, og det vil påverke autonomien til fakulteta, men det vil også gi meir like rammevilkår og styring i organisasjonen. Sjølv om budsjettfordelingsmodellen er utarbeida for fakultetsnivået så vil det vera bra for organisasjonsutviklinga at prinsippa for deling er nokolunde lik i organisasjonen. Det er for eksempel sett i gang eit arbeid med å harmonisere andre element på tvers av fakulteta, slik som til dømes undervisningsressurs, FoU-tid, administrasjonstid med meir. Dette blir regulert i ressursplanar for studie/emne og enkelttilsette. Det er i desse dokumenta at ressurs- og økonomistyring skjer. I hovudprinsipp 2 heiter det at *budsjettfordelingsmodellen skal tildele midlar til det aktivitetsnivået som er vedteke av styret*. I utgangspunktet er dette nærast umogleg. Det er koplinga mellom arbeidsplanane til den enkelte og budsjetttrammene som er avgjerande for økonomistyringa. Dersom aktiviteten som styret fastset ikkje kan gjennomførast med ei kopling mellom arbeidsplan og budsjetttramme, så vil det stille krav til 'omstilling og innovasjon', jf. hovudprinsipp, eller at styrets aktivitetskrav må justerast.

Høyringsspørsmål:

- 11) Skal det fastleggast prinsipp om å vidareføre den resultatbaserte tildelinga i fakultetet til dei konkrete studia/fagmiljøa som har bidrege til inntektene? Kva positive/negative konsekvensar kan det ha ?
- 12) Resultatbaserte inntekter består i liten grad av inntekter frå FoU-inntekter, langt mindre enn det fakulteta må nytte til FoU. Korleis skal ei eventuell vidareføring av resultatinntekter sjåast i samanheng med ressurstildeling til utdanning og FOU?
- 13) Skal det fastsettast prinsipp for budsjettfordeling/disponering på fakultetsnivå? Dvs. kva føringar skal leggjast på dekan si mynde til å disponere fakultetet si budsjetttramme ned på neste nivå og fordelt ut på Campus?

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Simuleringar

Føresetnadar

For å sjå korleis den nye budsjettfordelingsmodellen vil kunne sjå ut i praksis, har utvalet gjort nokre simuleringar av to variantar av modellen.

Det er teke utgangspunkt i finansieringssystemet til KD slik det er i 2017. Her kan det kome endringar for 2018 som ein i så fall lyt vurdere å inkludere i vår interne modell.

Det er foreslått ein felles strategisk modul i modellen. I simuleringa er 'Strategi' sett til 2,54 % som utgjer nivået på dei strategiske midlane i budsjettet for dei tre nærregionane for 2017. Dette gjer det lettare å samanlikne ny modell med opphavslege modellar. Denne prosentsetninga let seg lett justera den eine eller andre vegen. Dette får sjølvsagt innverknad på dei andre budsjettmodulane.

Det er ikkje teke ut midlar til utjamning i simuleringa. Dette er gjort for å vise dei faktiske utslaga av modellen.

Fordeling av basis er gjort på grunnlag av tildeling av studieplassar frå KD. Utvalet har kartlagt endringar i studieplassar frå 2001 og fram til i dag for å ha ein oversikt over alle tildelte studieplassar. Fordelinga av studieplassar i dei nye fakulteta er gjort på bakgrunn av denne kartlegginga.

I tillegg til studieplassar tildelt til fagområder frå KD har alle tre institusjonane fått frie studieplassar. Disse er fordelt ut i frå kva områder dei er blitt tildelt i nærregionane fram til i dag, og etter dagens studieportefølje.

Tildeling til felleskostnader er gjort etter realbudsjettering og det behov som finst i dag ved alle fem campus.

Simuleringane av dei nye fakulteta er gjort på grunnlag av tal for 2017. Det er førebels ikkje gjort nokon simulering av forventet tildeling for 2018.

Samanlikningsgrunnlag

Sidan HVL vil ha heilt ny organisering frå 01.01.18, finst det ikkje noko godt samanlikningsgrunnlag per i dag for å sjå korleis ein ny budsjettfordelingsmodell slår ut. Vi har difor slått saman budsjettala i dei tre nærregionane for 2017 slik fakulteta vil sjå ut i 2018. Det er ikkje beint fram å ta budsjetta for 2017 og omstrukturere desse til fakultetsstrukturen for 2018. Nokre av dagens fakultet blir delt mellom dei nye fakulteta, og det er då utfordrande å vurdere korleis budsjettet då skal delast. Samanlikningar mellom ny modell og dei opphavslege modellane er difor omtrentlege. Dette er viktig å vere klar over når ein ser på tala. Forslaget er laga for å gi ei pekepinn på dagens budsjett i høve til ny fordelingsmodell.

Simulering av ny modell – to alternativ

Utvalet har utarbeida to variantar av budsjettfordelingsmodellen som er skildra i dette notatet:

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

- Modell 1: All resultatbasert utteljing går til fakulteta
 Modell 2: 60-40-forhold mellom basis og resultat for fakulteta

Modell 1 - all resultatbasert utteljing går til fakulteta

Forklaring til korleis modellen fordeler ressursar

Strategisk modul blir berekna som ein prosentdel av tildelinga frå KD.

Heile resultattdelinga i finansieringssystemet går til fakulteta.

Felleskostnadar og fellesadministrasjon blir realbudsjettett.

Det som er att av KD-tildelinga, etter at det er sett av midlar til strategisk modul, resultatmodul og felleskostnadar, blir fordelt mellom fakulteta på bakgrunn av tildelte studieplassar frå KD.

Tabellen under viser størrelsen på dei 4 modulane.

Tabell 1

Budsjettmodul	Beløp
1. Strategi, 2,54%	44 400 000
2. Resultat	554 700 000
3. Basis	262 200 000
4. Felles	934 100 000
	1 795 400 000

For å få eit inntrykk av korleis forslag til ny modell slår ut i forhold til situasjonen i dag er det nedanfor gjort ein samanlikning av ny modell og opphævelege modellar. Tabellen gir ein peikepinn, men er ikkje noko nøyaktig samanlikning.

Tabell 2

Samanlikning ny og opphævelege modellar	Modell 1	Opphævelege modellar	Differanse
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	306 800 000	307 000 000	-100 000
Fakultet for helse og sosialfag	246 600 000	240 200 000	6 500 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	181 800 000	190 400 000	-8 600 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	81 600 000	79 400 000	2 300 000
Strategi, 2,54%	44 400 000	44 400 000	0
Felles	934 100 000	934 100 000	0

I ein modell der 100% av resultattdelinga frå KD går til fakulteta, vil resultat utgjere ein stor del av budsjetta til fakulteta. I tabellen over utgjer resultat og basis totalt kr 817 mill. Av dette utgjer resultat 67,9%.

Dess større del av budsjettet som er utsett for endringar i resultat, dess sterkare blir insentiva for å oppnå gode resultat på resultatindikatorane. Samtidig må fakulteta ha ein stabilitet i budsjetta sine,

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

slik at dei kan halde jamn aktivitet over tid og kunne planlegge for fleire år. Simuleringane under viser korleis tildelingane til fakulteta vil endre seg ved endringar i resultat.

Tabellen under viser korleis tildelingane til fakulteta vil endre seg når studiepoengproduksjonen endrar seg. Studiepoengproduksjon er den resultatindikatoren som fordeler størstedelen av resultattildelinga, så det er endringar i denne som vil slå mest ut på budsjetta til fakulteta. Ein gjennomgang av innrapporterte tal frå DBH viser at studiepoengproduksjonen for fakulteta for HVL endrar seg mellom 0% og 2% frå det eine året til det andre. For at simuleringane skal vise realistiske utslag av modellen er det gjort utrekningar som viser kva effekt resultatendringar i den størrelsen har på fakultetsbudsjetta. I tillegg er det teke med ein simulering som viser eit større utslag (4%).

Tabell 3

Endring i studiepoengproduksjon, modell 1					
	-4 %	-2 %	0	2 %	4 %
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	301 000 000	304 000 000	307 000 000	310 000 000	313 000 000
Fakultet for helse og sosialfag	241 000 000	244 000 000	247 000 000	249 000 000	252 000 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	178 000 000	180 000 000	182 000 000	184 000 000	186 000 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	80 000 000	81 000 000	82 000 000	83 000 000	83 000 000
Strategi, 2,54%	44 000 000	44 000 000	44 000 000	44 000 000	44 000 000
Felles	934 000 000	934 000 000	934 000 000	934 000 000	934 000 000
Sum	1 778 000 000	1 787 000 000	1 795 000 000	1 804 000 000	1 812 000 000

Modell 2 - 60-40-forhold mellom basis og resultat for fakulteta

Dette alternativet forsøker å vidareføre måten studieplassar er finansiert på frå KD til institusjonen vidare til fakulteta. Finansiering av studieplassar er todelt. 60% av finansieringa kjem gjennom basistildelinga og 40% kjem gjennom resultattildelinga. Studieplassane er delt inn i 6 kategoriar alt etter kor kostnadskrevjande utdanningane er. Tabellen under viser **basissatsane** for desse 6 kategoriane (HVL har ingen studieplassar i A eller B):

Satsar i basis for ein studieplass 2017 (tal i kroner)

Kategori	Utdanning	Studieplass (60-studiepoengseining)
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	230 000
Kategori B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	173 000
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	118 000
Kategori D	Samfunnsvitenskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærarutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærarutdanningar, praktiske mediefag	83 000
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	71 000
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	59 000

(Henta frå Orientering om statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskolar)

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Satsar for resultat 2017 (tal i kroner)

Kategori	Utdanning	Studiepoeng	Kandidatar	Kandidatar integrerte mastergradar m.m.
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	126 000	95 000	190 000
Kategori B	Utvøande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	96 000	72 000	144 000
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	64 000	48 000	96 000
Kategori D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	47 000	36 000	72 000
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	38 000	29 000	58 000
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	32 000	24 000	48 000

(Henta frå Orientering om statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskolar)

Resultatsatsane er vist i tabellen over. Satsane for studiepoeng viser kva ein får i resultat for å produsere 60 studiepoeng. I tillegg til utteljing for studiepoengproduksjon får institusjonen utteljing for kvar kandidat som blir utdanna. Ein treårig bachelor-utdanning i kategori C vil få følgjande basis- og resultatfinansiering gjennom 3 år:

År 1: kr 118 000 + kr 64 000 = kr 182 000

År 2: kr 118 000 + kr 64 000 = kr 182 000

År 3: kr 118 000 + kr 64 000 + kr 48 000 = kr 230 000

Totalt: = kr 594 000

Basis utgjør: kr 118 000 * 3 = kr 354 000 (60% av kr 594 000)

Resultat utgjør: kr 64 000 * 3 + kr 48 000 = kr 240 000 (40% av kr 594 000)

Modell 2 vidarefører dette 60-40-forholdet mellom basis og resultat i den interne fordelingsmodellen. Det er ikkje mogeleg å fordele 100% av både basissatsane og resultatsatsane til fakulteta. Totalsummen av dette utgjør ca. 1,4 mrd. kroner, noko som er langt meir enn det som kan fordelast til fakulteta. I modell 2 er difor både basis- og resultatsatsane (og satsane for dei andre resultatindikatorane) skalert ned med same faktor, slik at modellen i sum fordeler like mykje til fakulteta totalt sett som modell 1.

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Forklaring til korleis modellen fordeler ressursar

Strategisk modul blir berekna som ein prosentdel av tildelinga frå KD.

Resultatmodulen blir fordelt slik: KD-satsane for resultatindikatorane * oppnådde resultat * ein faktor (ca. 0,6)

Basismodulen blir fordelt slik: KD-satsane for studieplassar i ulike kategoriar * tal studieplassar * ein faktor (ca. 0,6).

Felleskostnadar og fellesadministrasjon blir i all hovudsak realbudsjettet, men må ta omsyn til at ein del av resultattildelinga kan gi utslag på budsjettet. Dette vil kunne føre til mindre justeringar av budsjettet. Resultata på indikatorane endrar seg med typisk mellom 0% og 2% frå det eine året til det andre for HVL sett under eitt.

Den totale resultattildelinga til HVL er på ca. 500 mill. kroner. 2% av dette er kr 10 mill. kroner. I modell 2 er det lagt opp til at fakulteta tek ca. 60% av denne endringa (resultat- og basissatsane blir multiplisert med ein faktor på ca. 0,6). Det betyr at ca. 40% av endringa i resultat må takast enten på 'Strategi' eller 'Felles'. Dette utgjer kr 4 mill. kroner (kr 10 mill. * 40%). Dette er ein liten del (0,2%) av totaltildelinga frå KD (1,8 mrd. kroner).

Tabellen under viser størrelsen på dei 4 modulane berekna med modell 2:

Tabell 4

Budsjettmodular modell 2	Beløp
1. Strategi, 2,54%	44 400 000
2. Resultat	322 000 000
3. Basis	494 900 000
4. Felles	934 100 000
SUM	1 795 400 000

Her ser ein at 'Basis' utgjer ein større del enn i modell 1 og 'Resultat' ein mindre del. Dette forslaget gir fakulteta større stabilitet i budsjetta. Samtidig gir det ikkje fakulteta like sterke insentiv til å oppnå gode resultat på resultatindikatorane i modellen.

Tabellen under samanliknar denne modellen med situasjonen per i dag og modell 1:

Tabell 5

Budsjettmodul	Modell 1	Modell 2	Opphavelge modellar
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	306 800 000	308 300 000	307 000 000
Fakultet for helse og sosialfag	246 600 000	243 400 000	240 200 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	181 800 000	186 600 000	190 400 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	81 600 000	78 700 000	79 400 000
Strategi, 2,54%	44 400 000	44 400 000	44 400 000
Felles	934 100 000	934 100 000	934 100 000
Sum	1 795 500 000	1 795 500 000	1 795 500 000

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Tabellen under viser korleis budsjettfordelinga vil utvikle seg ved endringar i resultattildeling.

Tabell 6

Endring i studiepoengproduksjon					
	-4 %	-2 %	0	2 %	4 %
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	305 000 000	306 000 000	308 000 000	310 000 000	312 000 000
Fakultet for helse og sosialfag	240 000 000	242 000 000	243 000 000	245 000 000	246 000 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	184 000 000	185 000 000	187 000 000	188 000 000	189 000 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap	78 000 000	78 000 000	79 000 000	79 000 000	80 000 000
Strategi, 2,54%	44 000 000	44 000 000	44 000 000	44 000 000	44 000 000
Felles	934 000 000	934 000 000	934 000 000	934 000 000	934 000 000
Sum	1 786 000 000	1 791 000 000	1 795 000 000	1 800 000 000	1 805 000 000

Når ein samanliknar totalsummane i denne tabellen med tilsvarende tabell for modell 1, så ser ein litt andre tal. Det er på grunn av at heile endringa i resultat ikkje blir teke hjå fakulteta. Til dømes ved 2% auke i studieproduksjon, så fordeler modell 2 totalt kr 1 800 000 000, medan modell 1 fordeler 1 804 000 000. Dei kr 4 mill. som då er ufordelte i modell 2 kan leggst til 'Strategi' og/eller 'Felles'.

Eit anna alternativ i modell 2 er å fordele denne ufordelte «restsummen» tilbake til fakulteta ved å justere den faktoren som basis- og resultatsatsane blir multipliserte med. Då vil ein, på same måte som modell 1, få ein modell der fakulteta får heile endringa i resultat, men eigenskapane til modellen vil likevel vere litt annleis. Dette kan illustrerast ved å vise kva utslag det får viss ein av fakulteta opplever ein stor endring i resultat, medan dei andre fakulteta har uforandra resultat.

Tabellen under viser effekten av at eitt fakultet får ein endring i sitt resultat medan dei andre fakulteta har uforandra resultat. I tabellen ser ein at dette også påverkar budsjetta til dei andre fakulteta. I tabellen under er det lagt inn ein nedgang i studiepoengproduksjon på 4% hjå Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI). Resultata til dei andre fakulteta er halde uforandra.

På grunn av at resultatmodulen ikkje tek opp i seg heile reduksjonen, og resten av endringa blir teken ved å justere ned faktoren som både basis- og resultatsatsane blir multiplisert med, så får også dei andre fakulteta ein reduksjon i sin tildeling som følgje av nedgangen hjå FLKI.

Tabell 7

	4% reduksjon stp. FLKI	Ingen endring	Differanse
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	303 700 000	308 300 000	-4 600 000
Fakultet for helse og sosialfag	242 600 000	243 400 000	-800 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	186 000 000	186 600 000	-600 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap	78 400 000	78 700 000	-300 000
Strategi, 2,54%	44 400 000	44 400 000	0
Felles	934 100 000	934 100 000	0
Sum	1 789 200 000	1 795 400 000	-6 200 000

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Denne varianten av modell 2 er, for fakulteta, like resultatbasert som modell 1, men fakulteta står i solidaritet med kvarandre og er avhengig av at dei andre fakulteta også oppnår gode resultat. Dette kan vere ein positiv eigenskap, men samtidig gjer det modellen litt meir komplisert og det er ikkje like gjennomsiiktig å sjå kva effekt endringar i eigne resultat har når ein samtidig er avhengig av andre sine resultat.

Modellane kort oppsummert

Modell 1

Kvart fakultet får 100% av dei resultata dei oppnår.
 2/3 av budsjetta til fakulteta består av resultatbasert tildeling og 1/3 er basistildeling.
 Fakulteta kan enkelt sjølv berekne størelsen på resultatbasert tildeling.
 Basisdelen er avhengig av realbudsjetteringa av 'Felles'.
 'Felles' er frikopla frå endringar i resultatbasert tildeling.

Modell 2

Fakulteta får om lag 60% av dei resultata dei oppnår.
 40% av fakultetsbudsjettet er resultatbasert tildeling og 60% er basistildeling.
 Fakulteta kan enkelt sjølv berekne størrelsen på både resultatbasert tildeling og basistildeling.
 'Felles' og/eller 'Strategi' har ei lenke til størelsen på resultatbasert utteljing.

Modell 2b

40% av fakultetsbudsjettet er resultatbasert tildeling og 60% er basistildeling.
 Fakulteta sett under eitt får likevel 100% av endringar i resultat sidan deler av endringa blir teke i resultatmodulen og resten i basismodulen.
 Fakulteta er gjensidig avhengige av kvarandre for å få best mogeleg utteljing på resultat.
 'Felles' er frikopla frå endringar i resultatbasert tildeling.

Bidrags- og oppdragsaktivitet

KD-tildeling og bidrags- og oppdragsaktivitet(BOA) har fleire økonomiske koplingar som må sjåast i samanheng. Her er det gitt ei samla oversikt, og kopling til budsjett og økonomisk handlingsrom.

Bidrags- og oppdragsfinansiering av utdanning, forskning og utvikling er ein viktig del av den samla aktiviteten og finansieringa til HVL. I det nye finansieringssystemet frå KD får vi utteljing for alle bidrags- og oppdragsinntekter. Det er eigne lukka rammer (for heile sektoren) innanfor høvesvis EU-inntekter, NFR-inntekter/RR og andre BOA-inntekter. I 2017 var utteljinga slik :

For 1000 kr i inntekt frå EU, fekk vi i tillegg tildelt 1374 kroner frå KD

For 1000 kr i inntekt frå NFR og RR, fekk vi i tillegg tildelt 120 kroner frå KD

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

For 1000 kr i inntekt for andre BOA-inntekter, fekk vi i tillegg tildelt 102 kroner frå KD
 Dette er i modellen foreslått overført i sin heilhet til fakulteta ved modell 1, og 40% i modell 2.

Indirekte kostnader/overhead

I staten sitt regelverk for økonomi er alle UH-institusjonar pålagt å budsjettere og rekneskapsføre alle kostnader knytt til eit prosjekt som har heil eller delvis ekstern finansiering. Dette inkluderer også indirekte kostnader/overhead. Dei største indirekte kostnadene er knytt til husleige, administrativ støtte etc. Dette betyr at både fakulteta og felles/institusjon får ein del av sitt budsjett finansiert av forventa eksterne inntekter, dvs. tilsvarande mindre ordinær KD-tildeling. Når prosjekta blir gjennomført blir det rekneskapsført indirekte kostnader på prosjekta, og tilsvarande auka budsjett for fakulteta. Dette betyr at ein del av budsjetta for fakultet og felles/institusjon følgjer utvikling i BOA-aktiviteten. Del indirekte kostnader på BOA-prosjekt, og fordeling i organisasjonen vil følge av eit eige BOA-reglement som blir lagt fram for styret i oktober 2017 etter å ha vore på høyring og hatt moglegheit til å ta inn i seg tilbakemeldingar på budsjettfordelingsmodellen.

Økonomisk resultat

Oppdrag skal i utgangspunktet gi eit overskot. Overskotet skal auke HVL sin verksemdskapital, som styret har ansvar for å disponere. Universiteter og høgskular kan berre tene opp verksemdskapital innafor sin oppdragsverksemd. Opptent verksemdskapital kan samanliknast med opptent eigenkapital i eit aksjeselskap. Deler av dei midlane som blir tent opp innafor oppdragsverksemd kan førast tilbake til og inngå i verksemda sine tilgjengelege midlar til dekking av drift, investeringar eller andre forhold innafor formålet til institusjonen.

Det må vurderast om det skal vera føreseieleg kor i organisasjonen eit overskot fullt eller delvis skal kunne disponerast. Spørsmålet er om styret skal stå fritt i å disponere overskota som oppdragsverksemda gir, eller om det er fastsett på førehand om overskotet kan disponerast fullt eller delvis av det fakultetet som har bidrege til overskotet. Dette er eit viktig prinsipielt spørsmål i forhold til å få balanserte budsjett og å bidra til strategiske utvikling samla for HVL, jf. mandat for budsjettfordelingsmodellen.

Bidragsprosjekt betyr at HVL får eit økonomisk bidrag til å gjennomføre eit prosjekt, og at HVL bidreg med KD-finansiering for å dekke dei samla kostnadene. Eit eventuelt meirforbruk enn budsjetttert på desse prosjekta blir belasta fakultetet sitt ordinære rekneskap. Det same gjeld utdanningar med studentavgift. Her kan det også vera eit overskot som bidreg positivt mot fakultetet.

Høyringsspørsmål:

- 14) Synspunkt på korleis en kan sjå økonomiske resultat av BOA-aktivitet i samanheng med budsjettfordeling av KD-inntekter?**

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

Meir- og mindreforbruk i høve til KD-tildeling – overføring til neste budsjettår?

Spørsmålet er om ei årleg budsjett-tildeling (KD) til fakultet, strategiske midlar og institusjonsbudsjett (prosjekt/investeringar) skal kunne disponerast/sjåast i samanheng over to eller fleire år. Dette vil bety:

- at eininga står økonomisk ansvarleg for meirforbruk i høve til budsjett-tildelinga eitt år, som må takast inn igjen på neste års budsjett eventuelt dekkast av tidlegare avsetjingar
- at eininga kan avsette mindreforbruk i høve til budsjett-tildelinga eitt år, for å disponere dette neste år eventuelt seinare år

Dette vil gi ein moglegheit for fakulteta/fellesbudsjett til å disponere ressursar/drive økonomistyring på tvers av budsjettår, og det vil også gi eit insitament til å drive sunn økonomistyring.

Dersom det blir akkumulert eit større mindreforbruk over fleire år pr. eining tyder det på at rammene er for stor i høve til aktiviteten, og at ressursane kunne vore disponert på ein betre måte samla sett for organisasjonen i denne perioden. Dersom ressursane blir låst til ei eining så blir også styret sitt handlingsrom og styringsmoglegheit redusert. . I tillegg vil store mindreforbruk føre til at fakultetet aukar aktiviteten til eit nivå som på sikt ikkje er berekraftig i høve til KD-tildeling, noko som kan føre til at fakultetet etter noko tid får meirforbruk, då det tek tid å redusere aktivitet, og ein får en jojo-effekt i resultatata. Dette taler for å lage rammer for korleis denne ordninga skal kunne fungere.

Det er også eit spørsmål om moglegheit for avsetjingar (+/-) skal vera eit fakultet sin buffer for svingingar i resultatbasert tildeling, eller om det skal vera knytt til ein utjamningsandel.

Desse vurderingane er i utgangspunktet ikkje ein del av arbeidsgruppa sitt mandat, men det heng tett saman med budsjettfordelingsmodellen. Arbeidsgruppa vil antyde ei løysing :

- Fakultet og investeringar/prosjekt (finansiert av KD-inntekter) kan operere med avsetjingar av meir-/mindreforbruk i høve til årets ramme
- Disponering av avsetjingar eller inntening av tidlegare års meirforbruk krev ein plan sett i samanheng med årets budsjettamme
- Avsetjingar må avgrensast til ein viss prosentdel av KD-ramma til eininga
- Avsetjingar i fakulteta vil kunne fungere som 'fond' med +/- , og dermed vera ein buffer for reduksjon i resultatbasert finansiering. Dette vil vera eit alternativ til ein felles utjamningsmodul i budsjettfordelingsmodellen.

Høyringsspørsmål:

15) Synspunkt på arbeidsgruppa sitt forslag til løysing for meir/mindreforbruk av eit års budsjettamme

Oppsummering av alle høyringsspørsmål:

Under følgjer ei oppsummering av alle høyringsspørsmåla nemnt over. Aller fyrst kjem nokre overordna høyringsspørsmål som går på heile modellen, og som ikkje er knytt til kvar av modulane.

Dei overordna spørsmåla til budsjettfordelingsmodellen er :

- A) Korleis bør forholdet mellom komponentane for insentiv (resultat) og basis være for å sikre ein ønskja balanse mellom solidaritet og konkurranse i organisasjonen?**
 - B) Kor mykje skal fakulteta behalde av årleg meir-/mindreforbruk og overskot av oppdragsverksemd for at det skal vere ein god balanse mellom fakulteta sitt sjølvstyre og styret sitt handlingsrom til ta institusjonelle og overordna val i organisasjonen?**
- 1) Er budsjettfordelingsmodellen delt inn i formålstenelege modular?
 - 2) Bør den strategiske modulen låsast til eit visst nivå pr. år? Kva nivå? 1% av tildelinga i 2017 er ca. 18 mill. kr.
 - 3) Er det formålstenleg at styret vurderer behov for utjamning innanfor den strategiske modulen?
 - 4) Alternativt : Er det formålstenleg at delar av overskot på oppdrag og/eller delar av mindreforbruk av budsjett finansierer eit felles 'fond' til å dekke skiftingar i resultatbasert finansiering?
 - 5) Vil 100% overføring av resultatbasert finansiering til fakulteta gi god kopling mellom KD sine insitament og HVL sin aktivitet ?
 - 6) Dersom fakulteta skal finansierast delvis av sin eigen resultatbaserte finansiering, kven skal finansierast av resten av resultattildelinga? Dei andre fakulteta, fellesmodul, strategisk modul? Korleis blir kopling mellom KD sine insitament og HVL sin aktivitet?
 - 7) Er KD-tildelte studieplassar eit objektivt kriterium for fordeling av basismidlar mellom fakulteta?
 - 8) Bør delar av basismidlane fordelast på bakgrunn av andre kriterier, eventuelt ei fast grunntildeling til kvart fakultet?
 - 9) Jf. spørsmål 5. Bør omfang på administrative tenester ha eigne mål og dermed realbudsjetterast eller skal budsjetta henge saman med resultatutviklinga på fakulteta?
 - 10) Bør større investeringar i utstyr og infrastruktur bli finansiert som ein del av ein fast modell eller som ei skjønnsmessig tildeling/realbudsjettering?
 - 11) Skal det fastleggast prinsipp om å vidareføre den resultatbaserte tildelinga i fakultetet til dei konkrete studia/fagmiljøa som har bidrege til inntektene? Kva positive/negative konsekvensar kan det ha ?

O-08/17-8

Høyringsnotat Budsjettfordelingsmodell HVL August 2017

- 12) Resultatbaserte inntekter består i liten grad av inntekter frå FoU-inntekter, langt mindre enn det fakulteta må nytte til FoU. Korleis skal ei eventuell vidareføring av resultatinntekter sjåast i samanheng med ressurstildeling til utdanning og FOU?**
- 13) Skal det fastsetjast prinsipp for budsjettfordeling/disponering på fakultetsnivå? Dvs. kva føringar skal leggjast på dekan si mynde til å disponere fakultetet si budsjetttramme ned på neste nivå og fordelt ut på campus?**
- 14) Synspunkt på korleis ein kan sjå økonomiske resultat av BOA-aktivitet i samanheng med budsjettfordeling av KD-inntekter ?**
- 15) Synspunkt på arbeidsgruppa sitt forslag til løysing for meir/mindreforbruk av eit års budsjetttramme**

Dagens modellar (til og med 2017, per nærregion)

HiB

HiB har hatt ein enkel rammemodell og ein enkel budsjettprosess. Budsjettfordelingsmodellen består av seks modular:

1. Strategiske midlar	8,5%
2. Faste fellesutgifter	22,3%
3. Fellesadministrasjon	17,5%
4. Basis	27,2%
5. Undervising	22,0%
6. Forsking	2,5%

En stor del av den strategiske modulen er finansiering av meir eller mindre faste tiltak, som for eksempel delfinansiering av sentre, og modulen har variert i størrelse ut i frå langsiktig strategisk satsning. I forkant av samlokaliseringen på Kronstad var den høyere (9-10 %, for å spare opp buffer til forventede økte utgifter), mens den var lavere før og etter dette. Modul 2 og 3 har vore realbudsjettert. Modul 4, basis, blir fordelt mellom dei tre avdelingane etter prosentsatsar som ligg fast frå år til år. Modul 5 og 6 er resultatbasert og består av resultatkomponenten i tildelinga frå KD samt eigne parametre.

Modellen har fungert bra og det har vore lite støy i organisasjonen knytt til den. Noko av dette kan forklarast med stor budsjettvekst dei seinare år som alle fakulteta har fått teke del i. Budsjetta til fakulteta er ei ramme som dei sjølve har fordelt. Dette har fungert godt, sjølv om fakulteta har fordelt budsjetta sine med ulike modelar.

Når det gjeld midlar til strategiske tiltak er erfaringa at desse ikkje bør delast ut etter søknad, men tildelast til dei tiltaka som ligg i handlingsplanen.

HiSF

HiSF har fram til nyleg hatt ein budsjettfordelingsmodell som detaljert reknar ut ressurstildeling ned på emnenivå (slik som UiA). Denne modellen vart i 2017 erstatta med ein modell som er bygd opp på same lest som HSN sin modell, med nokre avvik samanlikna med HSN.

Administrativt tilsette på avdelingane blir realbudsjetterte basert på administrative stillingar som avdelingane har fått gjennom styrevedtak. Resten av budsjetta til avdelingane blir gitt som ramme.

Ved utrekning av basisdelen i undervisningsmodulen vart det ikkje kartlagt kor mange tildelte og finansierte studieplassar høgskulen har frå KD. Ein tok utgangspunkt i studieprogrammet slik det var per i dag.

Sidan modellen nyleg er innført, har ein ikkje så mykje erfaring med den. Modellen som vart nytta tidlegare var detaljert og forholdsvis vanskeleg å setje seg inn i. Den nye modellen er enklare og bygd på prinsippa til KD. Det var lite støy i samband med innføring av ny modell, så det ser ut som ein enkel modell som heng saman med finansieringssystemet var rett veg å gå.

O-08/17-8

HSH

HSH har ein enkel modell som har god legitimitet i organisasjonen. Den har fungert godt og ein har greidd å styre budsjettet godt med modellen. Husleige, faste kostnader og fellesadministrasjon blir realbudsjettet. Det er også eit felles stipendiatbudsjett sentralt. Alle desse kostnadane er finansiert av basisdelen av tildelinga frå KD. Resultatdelen i tildelinga går uavkorta til avdelingane som har oppnådd resultata.

Til slutt står ein att med den delen av basis som er att etter at faste kostnader er realbudsjettet. Dette blir fordelt til avdelingane basert på kor mange studieplassar frå KD kvar av avdelingane har. Strategiske, frie studieplassar blir nytta til å justere studieportefølja.

HSH er særleg nøgd med kopling mellom studieportefølje og budsjettet. Dette blir vedteke i same styresak. Når ein får nye studieplassar går heile tildelinga til den aktuelle avdeling, fram til dei får resultatbasert utteljing på desse studieplassane. Det sikrar tilstrekkeleg finansiering.

O-08/17-8

From: Linda Marie Hvaal McGuffie
Sent: 23. august 2017 15:01
To: Astrid Alræk Optun
Subject: VS: Høyring budsjettfordelingsmodell

Mvh

Linda M. H. McGuffie

Seniorkonsulent / Styresekretariatet / Høgskulen på Vestlandet

Tlf: 55 58 75 39 Besøksadresse: Inndalsveien 28, Bergen

Postboks 7030 5020 Bergen

www.hvl.no | twitter.com/hvl_no | facebook.com/hvl.no

**Fra:** Svein Tore Sviggum**Sendt:** fredag 18. august 2017 14:13

Til: Anne Isabelle Robbestad <anne.robbestad@hvl.no>; Anne-Grethe Naustdal <anne.naustdal@hvl.no>; Asle Holthe <Asle.Holthe@hvl.no>; Benjamin Johan Madsen [182253] <182253@hvl365.onmicrosoft.com>; Bjørg Kristin Selvik <Bjorg.Kristin.Selvik@hvl.no>; Dagrun Kyrkjebø <Dagrun.Kyrkjebo@hvl.no>; Egil Almås <Egil.Almas@hvl.no>; Eirin Fausa Pettersen <Eirin.Fausa.Pettersen@hvl.no>; Ellen England <Ellen.England@hvl.no>; Endre Laastad <Endre.Laastad@hvl.no>; Erik Kyrkjebø <Erik.Kyrkjebo@hvl.no>; Espen Fosse <Espen.Fosse@hvl.no>; Geir Anton Johansen <Geir.Anton.Johansen@hvl.no>; Georg Førland <Georg.Forland@hvl.no>; Gro Anita Fonnes Flaten <Gro.Anita.Fonnes.Flaten@hvl.no>; Hallstein Madsen <Hallstein.Madsen@hvl.no>; Halvor Kasland [141217] <141217@hvl365.onmicrosoft.com>; Helge Olsen <Helge.Olsen@hvl.no>; Ida Hegg Holmen <Ida.HeggHolmen@hvl.no>; Idar Magne Flemmen <idar.flemmen@hvl.no>; Jan Ove Henriksen <Jan.Ove.Henriksen@hvl.no>; Karianne Brøndbo Bergheim <Karianne.Brondbo.Bergheim@hvl.no>; Kirsten Bakken <Kirsten.Bakken@hvl.no>; Kristin Ran Choi Hinna <Kristin.Ran.Choi.Hinna@hvl.no>; Kristin Ravnanger <Kristin.Ravnanger@hvl.no>; Liv Reidun Grimstvedt <liv.grimstvedt@hvl.no>; Marianne Nesbjørg Tvedt <marianne.tvedt@hvl.no>; May Britt Sandstå <May.Sandsta@hvl.no>; Mildrid Jorunn Haugland <Mildrid.Jorunn.Haugland@hvl.no>; Monica Wammen Nortvedt <Monica.Wammen.Nortvedt@hvl.no>; Morten Nordvik Hovland [170705] <170705@hvl365.onmicrosoft.com>; Osvald Lykkebo <Osvald.Lykkebo@hvl.no>; Pål-Albert Olsen <Pal-Albert.Olsen@hvl.no>; Randi Skår <Randi.Skar@hvl.no>; Reidun Stavland <Reidun.Stavland@hvl.no>; Sigurd Sandvold <Sigurd.Sandvold@hvl.no>; Stein Joar Hegland <Stein.Joar.Hegland@hvl.no>; Svein Ove Eikenes <svein.eikenes@hvl.no>; Tage Båtsvik <Tage.Batsvik@hvl.no>; Terje Erik Bjelle <Terje.Erik.Bjelle@hvl.no>; Tone Skjerdal <Tone.Skjerdal@hvl.no>; Torunn Herfindal <Torunn.Herfindal@hvl.no>; Trude Færevaa <Trude.Ferevaag@hvl.no>; Wenche Fjørtoft <Wenche.Fjortoft@hvl.no>

Emne: Høyring budsjettfordelingsmodell

Til høyringsinstansane!

I vedlagte høyringsbrev inviterer vi alle høyringsinstansar til å gi innspel på høyringsspora til framlegg til ny intern budsjettmodell for HVL. Fristen for å sende inn høyringssvar er **1. september**, og svara sendast til post@hvl.no.

O-08/17-8

Vi ber om at einingane svarer samla, og at innspel frå underliggande miljø følgjer med som vedlegg.

Vedlegg:

Høyringsnotat med høyringsspørsmål

Høyringsinstansar:

Avdelingane i nærregionane
 Dei administrative einingane i nærregionane
 Studentting/studentråd i nærregionane
 Fagforeiningane på HVL (på verksemdsnivå)
 Prorektorar, direktørar og dekanar i ny organisasjon

Fagforeiningane på HVL (virksomhetsnivå)

Akademikerne (Pål- Albert Olsen)
 Parat (May Britt Sandstå)
 NTL (Tone Skjerdal)
 Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)
 Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)
 Sykepleierforbundet (Reidun Staveland)

Studentråd /Studentting

Studentråd AlØ, Bergen (Benjamin Johan Madsen)

Studentråd (nærregion Stord/Haugesund) Morten) Nordvik Hovland

Arbeidsutval Studentting (nærregion Sogn og Fjordane) Halvor Kasland

På vegne av arbeidsgruppa

Rasmus Stokke
 leiar